

# UTBYGGINGSAVTALE MELLOM NORD-AURDAL KOMMUNE OG UTBYGGER AV REGULERINGSPLAN FOR STASJONSBYEN

## Generelt

1. Denne avtala gjeld utbygging av reguleringsplan for Stasjonsbyen i Nord-Aurdal kommune. Avtala gjeld dei plikter som Nord-Aurdal kommune og utbyggerane av områda BB og B/F1 har teke på seg i samband med utbygginga av planen.
2. Avtala gjeld tilretteleggingar som utbygger skal gjere for reguleringsplanen for Stasjonsbyen i Nord-Aurdal kommune.

## Krav til planer

3. Nord-Aurdal kommune stiller som krav at revidert reguleringsplan i h.h.t. kommunestyrevedtaket for Stasjonsbyen, vederlagsfritt og snarast mogleg under behandling ved korrigeringar/endringar og etter ferdigbehandling, blir oversendt kommunen i digitalt format, utan feil, i nyaste SOSI-versjon.

## Krav til vatn - og avløpsanlegg, overvann, teknisk infrastruktur

4. Utbygger sørger sjølv for og bekoster vatn- og avlaupsnett med overvannsnett til bygningane/arealene som dei byggjer ut. Utbygger skal sørge for oppdatert leidningskart som viser kvar leidningar er plassert når utbygginga er ferdig der utbygger legg leidningar. Ei eigen VA-avtala mellom utbygger og **Nord-Aurdal kommune**, som er anleggseigar for vatn og avlaupsnettet i området, skal definere nærare plassering av leidningsnettet, dimensjonering, teknisk utførelse mm.
5. Utbygger sørger for og bekoster veg, strøm, fjernvarmenett og fibernet til de bygg som de bygger.
6. Anlegging av ny adkomstveg V2 til bussterminal KOT, inkludert o\_FO3 frå Jernbanevegen og nord-østover langs V2, prosjekteres og bekostes av Utbygger av BB. Nord-Aurdal kommune som grunneigar stiller fri grunn til dette tiltaket.  
Nord-Aurdal kommune sørger for og bekoster nødvendige endringer på bussoppstillingsplass KOT som følge av ny adkomst.  
Nord-Aurdal kommune bekoster flytting av skiftelokomotivet til BG4

## Krav til opparbeiding av uteområder, gangveg, lekeareal mv

7. Gangveg/fortau m belysning  
Utbygger av BB anlegger GS1 frå o\_FO1 og østover til o\_FO3 og o\_FO4.

Utbygger av BB anlegger o\_FO4 frå skillet mot GS1 og fram til GS2  
Nord-Aurdal kommune anlegger GS2 og o\_FO4 fra GS2 og ned til o\_BG5 (grøntareal) og så langt det er nødvendig langs Jernbanevegen for å etablere kryssing over denne mot parkeringsplassen sør for Jernbanevegen.

8. Uteoppholdsareal/beplantning/grønnstruktur langs veg/fortau, utemøblering  
Utbygger av BB anlegger BG4 for at skiftelokomotivet kan stå der.  
Utbygger av B/F1 anlegger/opparbeider BG1
9. Skjerming mot kollektivterminal.  
Utbygger av BB fører opp skjerming mot KOT på AVG3.

### Anna

10. Deler av den infrastrukturen som er nevnt foran, kan eller skal overtas vederlagsfritt av kommunen forutsatt at anleggene bygges etter kommunens kravspesifikasjoner. Ved kommunal overtakelse kan deler av mva. refunderes gjennom kommunen. Disse forholdene reguleres i egen avtale etter PBL kapittel 18.
11. Det tas atterhald om at kommunestyret godkjenner denne avtalen.
12. Dersom det oppstår tvistar mellom utbyggerar og Nord-Aurdal, som partane ikkje klarer å løysast seg imellom, vedtar begge partar at tvisten skal avgjerast ved voldgift jfr. Voldgiftsloven 14.05.2004, nr 25.

Denne avtala er utstedt i 3 eksemplar, eit til kvar av partane.

Fagernes den 05.01.2024

For utbyggjarar/grunneigarar i Stasjonsbyen:

For Nord-Aurdal kommune:

\_\_\_\_\_  
Stasjonsbyen AS

\_\_\_\_\_  
Knut Arne Fjellton  
Ordfører

\_\_\_\_\_  
Fagernes Butikkeiendom AS  
c/o AKA AS